



Vår dato:

21.03.2024

Vår ref:

2020/6844

Dykkar dato:

«RefData»

Dykkar ref:

«Ref»

«Mottakernavn»

Saksbehandlar, innvalstelefon

«Adresse»

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Høyring av Frønningen som naturreservat i Lærdal kommune

Som ein del av arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet i Vestland fylke sender vi ut framlegg til frivillig skogvern av Frønningen naturreservat i Lærdal kommune. Du er velkommen til å sende innspel i høyringsfasen innan 1. juni 2024.

Det føreslegne naturreservatet på Frønningen er lokalisert på gards- og bruksnummer 129/1 i Lærdal kommune. Det samla arealet vi foreslår til vern har ein storleik på 17 280 dekar, og 7200 dekar er registrert som skogdekt. Arealet er eigm av ein privat grunneigar som har signert tilbod om vern av eigedom som naturreservat etter prosedyren for frivillig skogvern.

Frønningen grensar til UNESCO sin verdsarv

Tettstaden Frønningen er ei grend med mellom 6 og 12 innbyggjarar, avhengig av sesong. Bygda ligg på sørssida av Sognefjorden. Kandidatområdet for skogvern ligg høgare i terrenget, på eit platå, og den nordlege delen av det føreslegne verneområdet strekk seg ned mot fjorden. For å kome til Frønningen tek ein ferje eller båt frå Kaupanger. Rundt kandidatområdet, langs dei eksisterande verneområdegrensene, ligg verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. Bleia-Storebotn landskapsvernombordet startar eit stykke over tregrensa, og i utgangspunktet skal frivillig skogvern dekke skogkledde areal. Gjennom forhandlingar mellom Norskog og staten har vi likevel kunne trekke grensa for kandidatområdet opp til grensa for landskapsvernombordet, slik at det blir eit samanhengende område med vern tilgrensande verdsarven på fleire sider. Ein større del av kandidatområdet for frivillig skogvern er difor, i tilfellet Frønningen, utan skogdekning.

Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 prosent av skogarealet. Per januar 2024 var omlag 5,3 prosent av skogarealet og ca. 4 prosent av den produktive skogen verna i Noreg. Vi har verna i overkant av 3 prosent av skogen i Vestland. I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva for å ha stor positiv effekt på trua artar i skog. Dette skal skje ved vern av offentleg eigm skog og ved frivillig vern av privateigm skog. Frivillig vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog. Det er eit nasjonalt miljømål at eit representativt



utval av naturtypane i skog blir verna for kommande generasjonar. Vern av skog er også viktig for å nå mange andre miljømål vedtekne av Stortinget.

Frivillig skogvern

Artsdatabanken, som er den nasjonale kunnskapsinstitusjonen for naturmangfald, reknar med at om lag 60 prosent av alle artane på fastlandet i Noreg har skog som levestad. Totalt 90 prosent av dei trua raudlisteartane vert negativt påverka av menneskelege arealendringar, og fysiske inngrep som fylgje av utbygging og skogbruk er blant dei viktigaste faktorane. Derfor er det å ta vare på levestadane til artsmangfald i skog blant det viktigaste tiltaket vi kan gjere for å sikre vestlandsnaturen for framtida. Det er Norskog som har framforhandla vernet på vegner av grunneigar i kandidatområdet Frønningen, og som ser til at interessene til grunneigar blir ivaretake.

Verneverdiar i og rundt Frønningen naturreservat

Tilbodsområdet Frønningen ligg i ei nordvendt li i slakt hellande terrenget i den vestlegaste delen av Lærdal kommune, sør for Sognefjorden. Arealet er noko brattare i nord, ned mot fjorden, og grenser i aust mot Bleia naturreservat. I sør/søraust grenser tilbodsområdet mot Bleia-Storebotn landskapsvernområde. Frønningen grensar mot Aurland kommune i sør. Arealet går frå om lag 200 til over 1000 meter over havet.



Figur 1 Vi foreslår vern av Frønningen som naturreservat i Lærdal kommune. På biletet ser vi store delar av skogen som er foreslått til vern, og verdsarvområdet som ligg rundt på toppane til venstre og i bakgrunnen. Foto: Conrad Blanck.

Området er uvanleg stort i skogvernsamanheng. Lokaliteten ligg tilgrensande eksisterande verneområde og har gjennomgåande god tilstand med god kontinuitet med død ved. Det er registrert eit par raudlista artar, blanknål og rustdoggnål, med status som nær truga. Det er



potensiale for fleire raudlista knappenåslav og kontinuitetskrevjande sopp tilknytt daud ved og gamal barskog. Den dominerande naturtypen i tilbodsområdet er gamal barskog, i utforming gamal furuskog. Furu dominerer, men det er også innslag av bjørk. Langs bekkane er det noko rikare vegetasjon med til dømes gråor og karplanteflora som fugletelg og hengjeveng. Vegetasjonen veksler mellom blåbærskog, bærlyngskog og lavskog. Skogen er dominert av storvaksne, grove furutre, og det er gjennomgående mykke daud ved i alle nedbrytingsstadium.

Vi fann brannspor på dei eldste keloelementa (også kalt sølvfuruer) i området vi foreslår til vern. I dei høgareliggende partia finn vi spesielt gamle furuer, og jamfør dendrokronologiske data innsamla av

NTNU har enkeltre vore i vekst allereie på 1100-talet, samstundes som då Urnes stavkyrkje vart bygd. Rapporten frå NTNU er tilgjengeleg på våre heimesider. Også bjørketrea syner høg alder. Naturtypeavgrensinga er vurdert til å ha A-verdi, som tilsvarar nasjonal verdi.

Større tekniske inngrep er nesten fråverande og det er få spor etter tidlegare hogst innanfor avgrensinga. Det er heller ingen framande artar i området, som ofte er utfordrande andre stader. Delar av tilbodsområdet er samanfallande med leveområdet til villreinen i Nordfjella. Innanfor tilbodsområdet er det også registrert ein naturtypelokalitet i form av ei låglandsmyr med C-verdi. Denne vart registrert i 1984 og er intakt, men vil ikkje bli omtalt vidare sidan den er mindre relevant for skogvernet.



Figur 2 Brannspor kan ein sjå nedst på denne furustammen. Området vi foreslår til vern hadde brannspor på fleire gamle tre. Mange raudlista artar er avhengig av brann for å fullføre livssyklusen sin. Foto: SFVL

Vi vurderer Frønningen til å dekke manglar i skogvernet i Vestland.

Sjølv om arealet er relativt høgtliggende og vi allereie har god dekning av naturtypen gamal furuskog i fylket, har kandidatområdet Frønningen særskilt gamle tre, det er uvanleg stort og ligg tilgrensande både eksisterande naturreservat, landskapsvern og verdsarv. Området har middels til



høg bonitet i dei skogkledde areala, og har A-verdi (regional til nasjonal verdi etter metodikken skildra i DN-håndbok 13). Evalueringa av skogvernet frå 2016 vurderer at det trengs fleire store, samanhengande område og med høg bonitet. Vi vurderer såleis Frønningen som verneverdig.

Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekommstar skjer i medhald av naturmangfaldlova jf. ss 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat i § 37 er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, vurderer vi er mest aktuelt for Frønningen.

Konsekvensar av vernet

For å ta vare på dei sårbare og store naturkvalitetane i området er det nødvendig med ei verneform som sikrar området mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne om områda som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep. Grunneigarane vil framleis ha rett til jakt og fiske og ålmenta generelt for sinking av sopp og bær. Ein skal også kunne halde eksisterande turstiar ved like.



Figur 3 Det er stor variasjon i landskapet på Frønningen. Myrane og Frønningsvotni er attraktive hekke- og næringsbiotop for til dømes våtmarksfugl. Foto: Vilhelm Rumohr

Brukarinteresser

Det meste av friluftsliv kan gå føre seg som tidlegare. Bålbranninng vil være lov med tørrkvist frå bakken eller med medbrakt ved i samsvar med gjeldande lovverk. Det er enkelte stiar i området, men det er relativt lite ferdsel i dei største delane av kandidatområdet. Ein sti går langs opp Bleieskaret mot Bleia og krysser elva to gonger her. Det kjem folk årleg både sommar og på ski vinterstid over frå Lærdal/Vindedalen ned til Frønningen eller motsett veg, men det er langt å gå og ein del logistikk som skal klaffe. Truleg er det mest bygdefolk, jegerar og beitedyr som nyttar stiane. Det er noko villvarding langs stien, disse blir rydda av grunneigar ved høve. Rydding av eksisterande stiar er lov, og om det er behov for å merke og/eller rydde nye stiar kan forvaltningsstyresmakta gje



løyve til dette dersom vilkåra for dispensasjon er til stades. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til tilretteleggingstiltak og oppsetting av turpostar. Det vil vere mogeleg å ri med hest og sykle på traktorvegen som er avmerkt på vernekartet, men ikkje utanfor denne.

Jakt både på hjort og elg er ein stor del av næringsgrunnlaget og rekreasjon på Frønningen. Grunneigar leiger ut jakthytter i samband med dette om hausten. Jakta vil kunne fortsette uavhengig av eit vern. Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt vil være lov. Motorisert frakt av felt vilt ut av terrenget vil vere lov med terrenggåande beltekøyretøy, om forvaltningsstyresmakta kan vurdere å gje dispensasjon til frakt av felt vilt med andre køyretøy dersom vilkåra er tilstades. Det er per dags dato om lag fem elgløyve i tillegg til jakt på hjort og rein. Det er noko fiske i Frønningsvatni, og grunneigar ønskjer å utvikle fisketurisme her. Vatnet er truleg litt «overbefolka».

Det vil i utgangspunktet ikkje vere lov å bruke naturreservatet til større arrangement. Grunneigar har av og til arrangement på eigedomen, og om disse vil inngå i omgrepet «større arrangement» vil vere vurderingar som forvaltningsstyresmakta vil gjere etter vernevedtak. Det kan likevel søkjast om dispensasjon til større arrangement ved avgrensa bruk av reservatet. Her vil potensiell slitasje i terrenget og sårbarheit spele ei rolle i vurderinga. Ein kan også søkje om dispensasjon til bruk av naturreservatet til miljøbasert reiselivsverksemd i samsvar med plan godkjent av forvaltningsstyresmakta.

Det er ein støl ved namn Nervedalen innanfor det føreslegne verneområdet. Her har grunneigar ønskje om å få sett opp ein utedo tilknytt stølen på sikt, dette har vi lagt inn som ein dispensasjonsheimel i forskrifta § 6.



Figur 4 Stølen Nervedalen ligg inne i det føreslegne verneområdet Frønningen i Lærdal kommune. Det er eitt bygg der i dag. Foto: Vilhelm Rumohr



Innspel i verneprosessen

Vi meldte offisiell start av vernearbeidet den 8. februar 2024. Innan fristen den 10. mars same år fekk vi inn fire innspel, og vi fekk inn to innspel til etter fristen. Vi har inkludert alle seks innspela i prosessen vidare. Innspela er omtalt under.

Landbruksdirektoratet har nokre generelle innspel. Direktoratet ber om at landbruks- og rein driftsfaglege interesser blir teke omsyn til i utforminga av verneforskrifta, og at høyringsdokumentet greier ut kva interesser det er i området. Direktoratet går også ut i frå at landbruksfagleg kompetanse blir involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruksforvaltninga.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi meiner at dei generelle innspela frå Landbruksdirektoratet allereie er ivaretakne i den framlagde forskrifta som er utarbeidd i dialog med grunneigarane. Brukarinteressene er elles greidd ut i dette brevet.

Språkrådet sendte innspel til oss om namnsettinga og tilrår oss å nytte namnet Frønningen naturreservat på kandidatområdet.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi legg innspelet frå Språkrådet til grunn og nyttar Frønningen naturreservat i det vidare arbeidet.

Statens vegvesen skriv i sitt innspel at det ikkje er offisielle vegar i eller nær området og at Statens vegvesen difor ikkje har merknadar til oppstartsmeldinga.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi tek innspelet til etterretning.

Norges vassdrags- og energidirektorat skriv at det føreslegne verneområdet grensar til transmisjonslinja mellom Aurland og Sogndal, det det foregår ei oppgradering med bygging av ei ny, parallel linje som skal erstatte dagens leidning. NVE ber såleis Statnett om å uttale seg om det er behov for tilpassingar i verneforskrifta som trengs i samband med linjearbeidet eller den seinare driftsfasen. NVE oppmodar Sygnir, nettselskapet som har områdekonsesjon i området, om å kommentere verneframleggget med tanke på eksisterande og framtidige prosjekt, også i tilfelle utan konflikt. NVE skriv vidare at det er kartlagt digitalt småkraftpotensial i Sagelvi på 3.15 GWh/år til ei utbyggingskostnad på 7,12 NOK/kWh på 2023-kostnadsnivå, og ber Statsforvaltaren om å informere grunneigar om dette. Nedanfor det føreslegne naturreservatet ligg Nybru (1,8 MW) og Lyngsete (0,5 GW), to prosjekt som grunneigar har søkt om konsesjon for mogeleg kraftverksbygging tidlegare. Konsesjonssøknaden vart den gong trekt, men søker nemnte då at prosjekta kunne bli aktuelle att i framtida.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Sygnir uttalte seg til oppstartsmeldinga, sjå under. Grunneigar er, med dette brevet, informert om potensialet for digital småkraft. Grunneigar er initiativtakar til frivillig skogvern i dette området, som også er ei måte å realisere naturverdiane sine på. Vi har ikkje fått innspel frå Statnett, men det kan kome innspel under høyringsperioden.

Sygnir skriv i sitt innspel at dei ikkje har verken nettanlegg eller planar om nye nettanlegg i det planlagde verneområdet på Frønningen.



Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi tek innspelet til etterretning.

Norskog har innspel på vegner av grunneigar. Det er ønskje om å markere fleire av traktorvegane/køyrespora på vestsida av Slumpen inn i vernekartet slik at kart og terrenn er meir tilpassa. Då vil det vere lettare å bruke disse til å frakte ut felt elg, hjort og rein med traktor/ATV, jf. verneforskrifta. Det er også ønskje frå grunneigar om å justere vernegrensa noko nord for Frønningsvotni langs vegen, slik at vernegrensa går langs vegen og ikkje i vegen. I tillegg ønskjer grunneigar å justere grensa nokre meter slik at det skal vere mogeleg å snu bilen på ein snuplass.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi vil tilpasse vernekartet med ny informasjon slik at grunneigar lettare kan frakte ut jaktutbyte, jf. verneforskrifta, med motorisert køyretøy. Alle køyrespor som er markert på vernekart vil også vere opne for sykling, riding og bruk av hest og kjerre. Vi justerer også vernekartet for å tilpasse vernegrensa langs veg og unna snuplassen. Det er nokre få meter og vil ikkje påverke storleiken eller verneverdiane i særleg grad.

Endring sidan oppstart

I oppstartsmeldinga var det i utkast til verneforskrift opna for å bruke båt med elektrisk påhengsmotor på Frønningsvotni i samband med fiske. Fordi det visar seg at Frønningsvotni er mindre enn 2 km² er det ikkje lov, jf. [lov om motorferdsel i utmark](#), å bruke båt med motor på vatnet, heller ikkje med elektrisk påhengsmotor. Vi har difor fjerna denne heimelen i framlegget til verneforskrift. Vi har også justert vernegrensa noko jf. innspelet frå Norskog/grunneigar. Det vil då bli lettare å nytte disse vegane til sykling, riding og bruk av hest og kjerre, i tillegg til å kunne nyttast for å frakte ut felt elg, hjort og rein. I utkast til forskrift § 7 bokstav k falt det ut eit ord ved ein inkurie, så vi har lagt inn (i feit skrift) naudsynt **motorferdsel** til transport av ved, ..." Transport av ved utan bruk av motorferdsel er ikkje regulert.

Forvalningsstyresmakt

Fastsetting av forvalningsstyresmakt for Frønningen naturreservat blir avgjort i vernevedtaket eller like etterpå. Statsforvaltaren er forvalningsstyresmakt for dei fleste verneområde, men myndigheita er i nokre tilfelle delegert til kommunen eller verneområdestyre dersom området ligg i nærleiken av eit område med lokal forvaltning. Dersom Lærdal kommune ønskjer delegert forvalningsmyndigkeit må kommunen gje tilbakemelding om dette gjennom høyringa. For tilbodet til kommunane om forvalningsmyndigkeit gjeld følgjande føresetnader:

- Kommunane vert tilbudd å bli forvalningsstyresmakt for alle verneområda som i si heilskap ligg innafor kommunen sine grenser.
- Kommunar som ikkje tidlegare har hatt forvalningsmyndigkeit må takke ja til alle aktuelle verneområde i kommunen dersom kommunen ønsker å bli forvalningsstyresmakt. Kommunen må ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse.
- Det følgjer ikkje midlar til ei eventuell delegert myndigkeit.

Sidan Frønningen ligg tilgrensande andre verneområde som er forvalta av Nærøyfjorden verneområdestyre vil truleg styret ha innspel om forvaltning i høyringsperioden.

Innspel og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspel på det frivillige skogvernet i Frønningen slik at prosessen og tema kan bli så opplyst som mogleg. Etter at innspel på denne høyringa føreligg, vil vi vurdere innspela og ta



endeleg stilling i vår tilråding av vern til Miljødirektoratet. **Frist for å kome med innspel er 1. juni 2024.**

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og verneforskrift finn du på nettstaden vår under Høyringar. Det er også mogleg å sende innspel med brev til Statsforvaltaren ved Miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no.

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seniorrådgjevar, naturmangfold

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Framlegg til forskrift om vern av Frønningen naturreservat
- 2 Framlegg til vernekart Frønningen naturreservat



Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091	0301	OSLO
Landbruksdirektoratet	Majorstua		
Vest politidistrikt	Postboks 56	7701	STEINKJER
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 85	6901	FLORØ
Vestland fylkeskommune	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Luftfartstilsynet	Postboks 7900	5020	BERGEN
Forsvarsbygg	Postboks 243	8001	BODØ
Avinor	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Kystverket	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
NTNU	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 7030	5020	BERGEN
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Postboks 115	1431	ÅS
Det norske skogselskap	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Friluftsrådenes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685	7485	TRONDHEIM
KS - Kommunesektorens organisasjon	Torgarden		
Natur og ungdom	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Sør-Norges Fiskarlag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norges Jeger- og Fisker forbund	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 94	1378	NESBRU
	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM



Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Norsk Ornitoligisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Sabima	Mariboes gate 8	0183	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund avd Sogn og Fjordane	Dørndalsveien 114	7100	RISSA



Norges Dykkeforbund

Lærdal kommune

Serviceboks 1, Ullevåll 0840 OSLO

Stadion

Øyraplassen 7

6887 LÆRDAL